

RØSSLYNG

Calluna vulgaris er det vitskapelege namnet til røsslyng. *Calluna* er eit verb som både kan tyda å feia og å forskjønna. *Vulgaris* tyder alminneleg. Røsslyng er ein av våre vanlegaste plantar. I lyngheiar på kysten er det røsslyngen som er den aller viktigaste planten. Denne eviggrøne busken er grunnlaget for vinterbeite for utegangersauen på Vestlandet og har vore sankt til vinterfôr både for hest og ku. Slik kjem det norske namnet røs inn, som er eit gammalt ord for hest. Røsslyngen blomstrar i slutten av juli til ut august. Dette er den finaste tida å sjå på veksten til røsslyng. Men sidan planten er eviggrøn og visne blomstrar og frøkapslar ofte sit på planten gjennom vinteren, kan ein studera planten heile året.

Røsslyng har vore nytta til:

- *Dyrefôr, brensel og strø* under dyra i fjøset
- Røtene til røsslyngen er sterke og eignar seg fint til *korgfletting*.
- *Kostar og sopelime* har vore vanleg å laga av røsslyng.
- Blomstrane til røsslyngen skil ut ganske mykje nektar og dei vert flittig besøkt av bier under blomstringa. Bikubar vert sette ut i juli. *Lynghonning* er ulik anna honning, mørk brungul, svært aromatisk og seig.
- *Medisinplante*: mellom anna som blodstillande middel, roande middel og som sovemiddel. Ein kokar ei handfull blomstrar pr. to desiliter vatn i fem minutt. Drikk to desiliter når det trengst.
- Arkeologar har påvist at røsslyng har vore nytta i *ølbrygging* allereie for 4000 år sidan.
- *Plantefarging* av ull og garn. Røsslyngen gir ein fin, varm gulfarge. (Sjå "Plantefarging").
- *Lyngdekorasjonar* med røsslyng finn ein i blomsterbutikkane tidleg på hausten.

Vekst og blomstrar

Veksten hos røsslyngen skjer ved årsskot (langskot) som veks i lengda med ein endeknopp (sjå figur). Langskotet er delt opp i tre soner. Nedst og øvst (endeknoppen) er skotet sett med nokre få blad, blomstrane sitt i midtsona. Allereie same året kjem det eit knippe av sideskot (kortskot) oppe og nede ved den bladsette delen av årsskotet. Om vinteren døyr endeknoppen på dei fleste langskota, og når vekstsesongen igjen starter ut i april, vil nokre få av kortskota i toppen av fjorårets langskot ta over rolla som langskot.


På blomstren er begerblada mest synlege. Kronblada er mykje mindre og har som hovudoppgåve å opna blomstrane. Når det er rikeleg råme til stade, svulmar det nedre, saftige partiet av kronblada opp og bøyer kronblada ut, begerblada følgjer passivt med. Om hausten utviklar blomstrane kapslar som kan innehalde inntil 32 frø. Begerblada foldar seg saman til ein slags konvolutt over sjølve kapselen der frøa vert liggjande laust (sjå figur). Gjennom ein liten opning i denne behaldaren vert frøa spreia litt etter litt.

Føremål:


- Verta kjend med røsslyngen sin morfologi og økologi.
- Sjå samanhengen mellom røsslyngen sin vekst og menneska si utnytting av planten.

Utstyr:

Notatblokk, blyant, lupe, skalpel, pirkepinnar.



Veksten til røsslyng består av langskot og korts kot. Nokre av fjorårets topp korts kot vert året etter til langskot. Planten får difor ei børsteliknande form.




Diskusjonsoppgåver:

- Drøft korleis bygnaden til røsslyng reagerer på beite frå husdyr eller slått.
- Drøft korleis røsslyng er tilpassa ein lyngbrann. Sjå også aktivitetane "Lyngslått" og "Lyngsviing".

Fleire aktivitetar i Lyngrapermen:

Plantelivet i lyngheia, Lyngslått, Lyngsviing, Torvmose.



Røsslyngen endrar form og utsjånande gjennom ein livssyklus på 40 - 50 år.

I **pionerfasen** har planten ei pyramideform med eitt langskot og mange sideskot.

I **byggjefasen** får planten ei avrunda form og ei tett overflate. Veksten er på det kraftigaste.

I den **modne fasen** minkar veksten, skota vert kortare, den runde forma tar til å lausna seg opp og planten bøyer seg meir utover. (I sentrum av planten vert det danna eit ope rom.)

Utan lyngsviing går røsslyngen over i **degenereringsfasen**. (Greinene på røsslyngen bøyer seg stadig meir utover og opninga i midten vert større.) Dei nedre greinene langs bakken kan danna adventivrøter, og ein del skot kan veksa vidare.

Dette kan de gjera

Studera korleis røsslyngen er bygd opp.

- Gå ut i lyngheia og finn område med røsslyng i ulike alder. Sjå på figuren over og prøv å finna dei 4 ulike stadia til røsslyngen: pionerfase, byggjefase, moden fase og degenereringsfase. Ta eventuelt med ulike eksemplar inn.
- Teikn opp korleis røsslyngen ser ut i dei fire stadia av ein livssyklus og set på alder av røsslyngen. Få med den karakteristiske bygnaden til røsslyng med langskot og kortskot.
- Alderen til røsslyng finn ein ved å telja årringar. Skjer eit rett tversnitt over den nedste hovudgreina av planten og sjå på snittflata under ei lupe.
- Mål høgda av ein røsslyngplante frå kvart stadium. Vurder om røsslyng er spreidd eller dominerer i kvart område.
- Sjå på blad, blomstrar, kapslar og frø under lupa og teikn alle delane så detaljert som mogleg.

